

Planprogram KDP barnehage og
skulebruksplan
Framlegg
V_2 Etter Høyring

1. Innleiing

Alver kommune startar no arbeidet med å utarbeide ein barnehage- og skulebruksplan.

Planprogrammet er eit verktøy for å styrkje tidleg medverknad og gode planprosessar. Programmet skal avklare rammer og premiss for arbeidet, samt klårgjere føremålet med planen.

Planprogrammet er utarbeida som oppfølging av vedtak i kommunestyret desember 2022, [sak 182/22 – Budsjett 2023 – Økonomiplan 2023-2026](#), utarbeiding av ein barnehage- og skulebruksplan som kan vere til hjelp i arbeidet med å møte demografiendringane i høve til barne- og elevtalutviklinga i kommunen.

Utkast til planprogram var til politisk handsaming i februar 2023, sak 015/23, og kommunestyret fatta då følgjande vedtak:

“Saka vert utsett og kommunestyret ber om at saka kjem tilbake med eit breiare mandat for skulebruksplan og at fleire omsyn enn økonomi og struktur vert vekta.”

På bakgrunn av tilbakemeldingane i den utsette saka vart det lagt vekt på å utdjupe og å få til breiare skildring av innhaldet i planprogrammet. Revidert planprogram vart lagt fram for ny vurdering og sakshandsaming i kommunestyret i 22. juni 2023, der kommunestyret vedtok kunngjering av oppstart av planarbeidet og å sende utkast til planprogram på høyring.

Det kom inn 19 innspel i høyringsperioden, og alle innspela er presentert i den politiske saka - Endeleg vedtak planprogram Barnehage- og skulebruksplan, sak 23/81590. Alle innspela er relevante for den samla planprosessen, sjølv om ein del av innspela ikkje er direkte knytt til planprogrammet. Dei innspela som ikkje er knytt til innhald og rammer i planprogrammet, vil bli vurdert i arbeidet med planen, vidare i planprosessen.

Målsetjinga er at prosess knytt til barnehage- og skulebruksplanen skal vere slutført i september 2024. Eventuelle tiltak i planen kan innarbeidast i budsjett for 2025. Etter gjennomført anskaffing er det avklart at Norconsult er tildelt oppdraget som ekstern konsulent i planarbeidet.

Innhald

1. **Innleiing**
 1. Innhald
 2. Krav til planprogram
 3. Målsetjinga med planprogrammet
2. **Føremål og målsetjingar med planleggjinga**
3. **Føringar for planarbeidet**
 1. Statlege føringar
 2. Kommunale føringar
4. **Mål og tema for planarbeidet**
5. **Planprosess og medverknad**
 1. Organisering av planprosessen
 2. Medverknad
 3. Framdriftsplan
 4. Offentleg høyring og ettersyn

Krav til planprogram

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-1, tredje avsnitt har kommunane høve til å utarbeide kommunedelplanar for aktuelle område, tema eller verksemdsområder (Plan- og bygningslova § 11-1 tredje avsnitt).

Kommunedelplanar blir utarbeidd på område det er behov for å konkretisere og operasjonalisere samfunnsdelen i kommuneplanen. I den samanheng skal kommunedelplanen ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgjast opp dei komande fire åra eller meir. Handlingsdelen skal reviderast årleg og innehalde finansiering som samsvarer med kommunen sine styringsdokument (Plan- og bygningslova § 11-2 tredje avsnitt).

I § 4-1 i Plan- og bygningslova står det om planprogram:

”For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan ha vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet.

Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.”

Målsetjinga med planprogrammet

Planprogrammet skal avklare rammer og innhald for arbeidet, samt klårgjere målsetjinga med planprosessen. Vidare skal det presentere ei skisse over innhald og omfang av planarbeidet, med oversyn over aktuelle problemstillingar som blir vurdert som viktige for å gi eit samla bilete over oppgåva.

Innspela som har kome inn i høyringsperioden har ikkje resultert i framlegg om endring i tema eller innhald i prosessen.

Innhald i planprogrammet:

- Bakgrunn og målsetjing for planarbeidet
- Overordna rammer/gjeldande planstatus
- Problemstillingar som skal utgreiast
- Organisering og framdrift i planarbeidet
- Metode for informasjon og medverknad i planarbeidet

2. Føremål og målsetjingar med planleggjinga

Kommunane har ansvaret for at drift av kommunale barnehagar og skular er i samsvar med lov, forskrifter og gjeldande rammeplan/læreplan.

Barnehagen skal vere ein kulturarena der barn er medskaparar av eigen kultur i ei atmosfære prega av humor og glede. Det fysiske miljøet i barnehagen skal vere trygt og utfordrande og gje barna varierte erfaringar i høve til aktivitet, rørsle, leik og samhandling. Barnehagen skal også ta i vare barna sine behov for fysisk omsorg, inkludert behov for ro og kvile.

Opplæringa i skulen skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gje elevane historisk og kulturell innsikt og forankring. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfolde skaparglede, engasjement og utforskartrøng. Skulestrukturen må gje rom for læringsarena med breidde i faglege aktivitetar med rom for tilpassa undervisning og tilrettelegging. Samstundes skal ein sikre eit forsvarleg og likeverdig skuletilbod og best mogleg kvalitet innafør gjevne rammer.

Felles for barnehage og skule er kravet om å sikre trygge rammer for barn og elevar, gode arbeidsmiljø for tilsette og god utnytting av anlegga.

Ein barnehage og skule er viktig for nærmiljøet, og fungerer som ein møteplass for uformell leik og aktivitet på fritida. Nokre anlegg er i tillegg ein møteplass for kulturaktivitetar og større samlingar i regi av friviljuge, lag og organisasjonar.

Alver kommune skal ha ei berekraftig utvikling når det gjeld drift og investering. Om kommunen i framtida skal vere rusta til å møte dei venta endringane med omsyn til demografi, må viktige val gjerast. Venta reduksjon i barne- og elevtal kan møtast gjennom ein generell reduksjon på tenestenivå og/eller endringar i organisering og struktur. Berekingar som er lagt til grunn i økonomiplan for 2023-26 viser at det vil vere behov for omfattande tiltak knytt til drift av barnehage og skule i åra som kjem.

Planprogram Barnehage og skulebruksplan

Planen skal sikre ei styrt utvikling av dei kommunale barnehage- og skuleanlegga i Alver kommune. Planen blir utarbeidd som ein kommunedelplan etter plan og bygningslova § 11-1, og skal vere i samsvar med føresetnadene i kommuneplanen. Planen bygger på prioriteringar gjevne i kommuneplanen sin samfunnsdel og i kommunedelplan for oppvekst.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er framtidvisjonen for kommunen presentert: *“Vi vil at det skal vere godt og attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdier i Alver kommune, med vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter. Vi vil utvikle oss som eit biosfæreområde og vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri. Vi vil utvikle heile kommunen.”*

Kommunedelplan for oppvekst byggjer på prioriteringane i samfunnsdelen, og har hatt eit særleg fokus på hovudmål 4 i samfunnsdelen: *“Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse.”*

Kommunedelplan for barnehage- og skulebruk er eit politisk dokument og styringsverktøy for å nå målsetjingar kommunen har på området. Det skal vere samanheng mellom målsetjingane i dei to overordna planane som her er presentert og endeleg utarbeida barnehage- og skulebruksplan. Det skal sikrast ei brei forankring av planprosessen gjennom brei medverknad både frå innbyggjarar, barn og unge, tilsette og interesseorganisasjonar.

Barnehagane og skulane i Alver kommune skal ha gode og likeverdige tilbod som fremjar helse, trivsel og utvikling for den einkilde og medverkar til berekraftige og attraktive nærmiljø. Barnehagane skal arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen, leiken og læringa til barna. Skulane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Planarbeidet skal bidra til ei oppdatert oversikt over dei kommunale barnehage- og skuleanlegga i kommunen, ei utgreiing av kva endringar som bør gjerast, og vurdering av kva konsekvensar desse endringane vil gje. Anlegga skal vere gode læringsmiljø for barn og elevar, ha eit godt arbeidsmiljø for tilsette, samt vere ein arena for frivillige organisasjonar og møteplassar for nærmiljøet.

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd ein rettleiar for barnehage- og skulebygg, som vil bli brukt i prosessen. Vurderingane skal også byggje på kunnskap og dokumentasjon som er utarbeidd i kommunen, til dømes vedlikehaldsplan og kunnskapsgrunnlag redusert barne- og elevtal i Alver kommune. I tillegg vil grunnlagsarbeid og analysar knytt til prosess og resultat i kommunedelplan for Oppvekst vere relevant.

Målsetjinga med planarbeidet er å gje ei heilskapleg oversikt der ein ser ulike omsyn i samanheng.

Planen skal ha fokus både på kvalitet og økonomi, samt korleis anlegget vert brukt i nærmiljøet på ettermiddag og kveld/helg.

Politisk nivå skal vere involvert undervegs.

Planen skal vere eit framlegg til ein berekraftig og framtidretta struktur for barnehage og skule, som gjer ei betre økonomisk utnytting av ressursane samt sørgjer for kvalitet i tilbodet.

Planprogrammet, planprosessen og endeleg framlegg til plan skal bidra til at denne målsetjinga blir nådd.

3. Føringer for planarbeidet

Statlege føringer

- Ivaretaking av skulemiljøet i driftsfasen er for ein stor del knytt til følgjande regel og lovverk :
 - [Barnekonvensjonen](#)
 - [Barnehagelova](#)
 - [Opplæringslova](#)
 - [Plan- og bygningslova](#)
 - [Arbeidsmiljølova](#)
 - [Folkehelselova](#)
 - [Helse og omsorgstenestelova](#)
 - [Forskrift om miljøretta helsevern](#)
 - [Læreplanverket - LK20 - overordna del](#)

Regjeringa kjem kvart fjerde år med eit dokument som skisserer kva kommunane skal leggje særleg vekt på i planleggjinga dei komande fire åra. I kgl.res. 14. mai 2019 «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023» er det understreka at vi har fire store utfordringar i kommunane framover. Det handlar om å vere med på å skape eit berekraftig velferdssamfunn, eit økologisk berekraftig samfunn, eit sosialt berekraftig samfunn og eit samfunn som er trygt for alle.

- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-23 \(Regjeringen.no\)](#)

Regjeringa forventar at kommunane skal nytte planlegging som verkty for heilskapleg berekraftig utvikling.

Forventningane til innhaldet i kommunal planleggjing er konkretisert i tre hovudområde:

- Mål 13: Stoppa klimaendingane
- Mål 11: Berekraftige tettstadar og lokalsamfunn
- Mål 9: Næring, innovasjon og infrastruktur

FNs BÆREKRAFTSMÅL



Kommunale føringar

- [Kommuneplan for Alver kommune, samfunnsdelen - digital versjon i FRAMSIKT](#)



[Trykk her for PDF-versjon](#)

- [Trykk her for digital planoversikt Alver kommune.](#)


I oversikta finn du alle publiserte overordna planar og temaplanar.

- [Kommunestyrevedtak i sak 182/22 - 15.12.22](#)

4. Mål og tema for planarbeidet

Barnehage- og skulebruksplanen skal vere eit hjelpemiddel for å nå både nasjonale og kommunale målsetjingar med omsyn til drift av barnehage og skule. Anlegga skal vere gode læringsmiljø for barn og elevar, ha eit godt arbeidsmiljø for tilsette, samt vere ein arena for frivillige organisasjonar og møteplassar for nærmiljøet.

[Prognosane](#) for utvikling i barne- og elevtal i kommunen viser store utfordringar i høve til demografi og kostnadsstruktur. Alver kommune ventar eit lågare barne- og elevtal i kommunen i åra som kjem. Kommunen sine samla økonomiske rammer og utfordringar tilseier at det er behov for tiltak. Framlegg til tiltak som blir utarbeidd i planprosessen skal synleggjere potensiale for ei meir berekraftig drift av barnehagar og skular, samt skape eit handlingsrom for langsiktig planlegging av tenestetilbod og investeringar.



Planarbeidet skal byggje på Kunnskapsgrunnlaget som vart handsama politisk i november 2022, sak 146/22 inneheld eit kapittel om forventa utvikling i folketal og elevtal i kommunen. [Prognose](#) byggjer på SSB sine framskrivingar av folketal som var publisert sommaren 2022, med oppdateringar publisert i 2023. I følgje framskrivinga blir vekst i folketal i Alver dei komande åra svakare enn i åra vi har bak oss. I grove trekk kan vi seie at det er venta færre barn og unge i kommunen (aldersgruppa 0-19 år) og fleire eldre. Ved behov blir det utarbeidd supplerande prognosar og analysar.

For å nå målsetjingane som er presentert i kap. 2 , er det definert følgjande hovudoppgåver i planprosessen:

1. Skildre faktorar som utgjer eit godt barnehage- og skulemiljø, knytt til:
 - Leik og læring
 - Helse, miljø og tryggleik
 - Skulehelsetenesta
 - Trivnad

Planprogram Barnehage og skulebruksplan

- Folkehelse
 - Universell utforming
 - Skulefritidsordning
 - Leksehjelp
 - Skuleveg/skuleskys
 - Barnehagane og skulene som arbeidsplassar
 - Utleige og anna bruk av anlegga
 - Barnehage og skule som nærmiljøanlegg
2. Utarbeide prinsipp for utforming av barnehage- og skuleanlegg i kommunen, samt drift av desse.
Synleggjere status for bygg, anlegg og uteareal og eventuelle investeringsbehov ved strukturendringar.
 3. Vurdere utvikling i barnetal- og elevtal i dei ulike skulekrinsane i kommunen, med utgangspunkt i prognosane
 4. Presentere ei oppdatert oversikt over dei kommunale barnehage- og skuleanlegga i kommunen, med omsyn til:
 - Vedlikehaldsbehov
 - Investeringsbehov
 - Kapasitet
 - Godkjenning etter miljøretta helsevern
 - Kvalitet og behov med omsyn til pedagogisk bruk av bygg og uteareal
 5. Skildre venta økonomisk ramme for drift av barnehagar og skular i kommunen dei komande år.
 6. Drøfte tiltak tilpassa anlegga og barne- og elevtalsprognosane for kommunen, med omsyn til:
 - Venta endringar i barne- og elevtal ved barnehage- og skuleanlegga
 - Oppretting eller nedlegging av barnehage- og skuleanlegg
 - Vurdering av kringsgrenser
 7. Tilråding med alternative løysingar for framtidig struktur barnehage og skule, med
 - Ulike løysingar
 - Kostnadsvurdering
 - Kvalitetsvurdering
 - Risiko- og sårbarheitsanalyse
 - Konsekvensvurdering inkludert skildring av samfunnsmessige konsekvensar

5. Planprosess og medverknad


Organisering av planprosessen

Planprosessen blir organisert i samsvar med vedteken prosjektorganisering i Alver kommune, som mellom anna stiller krav om å etablere ei styringsgruppe, prosjektgruppe og referansegruppe ved starten av prosjektet.

Framlegg til organisering:

- Politisk styringsgruppe
 - Utval for Levekår.
- Administrativ styringsgruppe
 - Kommunedirektør, assisterande kommunedirektør og kommuneadvokat.
- Prosjektansvarleg
 - Kommunalsjef for oppvekst.
- Prosjektleder
 - Tenesteleiar plan og analyse og kommunalsjef oppvekst.
- Prosjektgruppe
 - Prosjektgruppa vil bestå av to hovudtillitsvalde oppvekst, hovudverneombod oppvekst, tenesteleiar barnehage, tenesteleiar skule, konsulent frå Norconsult, representant for tilsette barnehage og skule, tenesteleiar plan og analyse og kommunalsjef oppvekst.
- Referansegrupper
 - Foreldreutval (FAU): Foreldrerrepresentantar frå alle dei kommunale skulane og barnehagane
 - Representantar frå dei private barnehagane og friskulane
 - Barn og unge (Elevråd, ungdomsråd, representantar for sårbare barn/unge)
 - Barnehagar og skular: Tilsette, samarbeidande tenester
 - Arbeidstakarorganisasjonar: Hovudtillitsvalde for Oppvekst
 - Andre grupper etter behov

Planprosessen er planlagt gjennomført etter plan og bygningslova sine prosessreglar for ein kommunedelplan. Noko likt prosessen vist i figuren under.



Vi er no i fase med å fastsetje planprogram og skal arbeide vidare med fase for utarbeiding av utkast til plan.

Medverknad

Det skal vere stor grad av medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet:

- Barnehagane og skulane sine rådsorgan skal få informasjon og ha moglegheit til å medverke undervegs i prosessen.
- Innbyggjarane skal sikrast informasjon gjennom heile planprosessen.
- Det skal gjennomførast dialogmøte i ungdomsskulekrinsane.
- Referansegruppene skal bli brukt i aktiv medverknad undervegs i planarbeidet.

Det skal vere eit særleg fokus på medverknad frå barn og unge:

- Ungdomsrådet skal involverast i planlegging av medverknadsprosessen.
- Elevråd og representantar for sårbare barn og unge
- Vi vil byggje på erfaringar frå medverknadsprosessen i samband med utarbeidinga av kommunedelplanen for Oppvekst.

Planprogrammet vart sendt på høyring samstundes med varsling om oppstart av planarbeid, og vi fekk 19 innspel til planprogrammet/prosessen. Endringane som er lagt inn i planprogrammet er vurdert å vere ei utviding eller forsterking av tema som er omtala i utkast til planprogram, og vil ikkje bety prinsipielle endringar i planprogrammet.

Prosjektgruppa vil ha møte med referansegruppene undervegs i planprosessen.

Når utkast til plan er klar, vert denne lagt ut på høyring, med god tid (minimum seks veker) til å kome med innspel til planutkastet.

Framdriftsplan

Framdriftsplan for utarbeiding av planprogram og kommunedelplan:

Aktivitet	2023	2024
Framlegg til planprogram – innstilling frå kommunedirektøren og politisk handsaming	Juni	
Offentleg kunngjering oppstart planprosess og høyring planprogram	Juni	
Frist for merknader og innspel til planprogrammet	August	
Endeleg vedtak planprogram – innstilling frå kommunedirektør og politisk handsaming	September	
Arbeid i prosjektet; Analyse, utgreiing, medverknad	Haust	Vinter
Framlegg til kommunedelplan – innstilling frå kommunedirektøren og politisk handsaming/vedtak om høyring		16.04.24
Høyring av «Framlegg til kommunedelplan»		17.04 - 02.06.24
Frist for merknader og innspel til kommunedelplan		02.06.24
Endeleg vedtak kommunedelplan – Innstilling frå kommunedirektør og politisk handsaming		19.09.24

Offentleg høyring og ettersyn

I samsvar med prosessreglane i plan og bygningslova vart plandokumenta sendt til alle barnehagane og skulane i samband med høyring planprogrammet, lagt ut på heimesida til kommunen og kunngjort i lokalavisene og i sosiale kanalar i minimum 6 veker.

Merknader til planframlegget er registrert og handsama før framlegg om endeleg planprogram vart presentert.

Endeleg planframlegg vert vedteke av kommunestyret i Alver.